Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 — Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Elverum

Emne: Ard og plog. — Bygdelag: Sørskogbygda

Oppskr. av: Per Kjønsberg — Gard:

(adresse): Sørskogbygda — G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Småbrukar Morten Kjønsberg m/ mange 85 år, Sørskgb.

SVAR

1.

Både ard og plog har vori i bruk.

2. Arden er nå brukt berre på einskilde gardar, og der bruker dei han berre til å setja og molda poteter med.

Før – i tida til ikring 1900, arda dei åkeren føre dei sådde, dersom det hadde vori korn eller poteter året før på same åkeren.

Mange, men ikkje alle, arda to gonger, siste gongen tvers over eller i skrå ~~over~~ fyrste ardinga. Ein kan ikkje finna at folk arda ned kornet. Til det arbeidet hadde ein „lekkjeharv", på små åkerflekker brukte dei rive.

3. Arden har vorti brukt til å laga „fårer" med i potetsetjinga og likeeins til å „molde" potetene nedsidan.

Til moldinga (hyppinga) brukar mange ard ennå, men berre på små bruk, der dei ikkje har fått hestehakke ennå.

Færre brukar han i potetsetjinga.

Nokon serleg plog for molding (hypping) kjenner ein ikkje nå. Men dei fleste sette anten riskvister i „ardveksaret", eller dei sette ~~to~~ fjøler i snøplogform fast ovanpå det, så jorda vart „molda" betre opp mot riset.

2473

4. Den einaste arden som er kjent her nå er av type (fig.) 4 på teikninga som er vedlagt spørjelista. Fig. 1-3 er ukjente her nå, men gamle folk meiner „dei hadde dårlegare lengi sidan".
5. Dette er uråd å svara sikkert på.
6. Gamle folk hadde namn på alle delar av arden. Sjå vedlagte teikning.
Ein tala om ardskjæker og plogskjæker. Dei siste kalla dei og harvskjæker sodi dei og vart brukt til harva.
7. Ardskjara eller veksna var stort sett av same type. (Det folk nå veit.) Men dei kunne variera litt i breidd og lengd. Like eins kunne „ristjörnet" sitja lenger frame på sume, om ein hadde tung jord.
Ein hadde helst same slags veksne på ardane på ein og same gard, serleg dersom dei var laga av same smeden.
8. Ein kunne som før nemnt setja på fjøler når ein hyppa poteter. I seinare tid sette ein helst i ristkvister i staden. Så kunne ein få variera moldvidda etter som fårene var breie til.
9. Ard er ikkje brukt om harv.
10. Nei, ein kjenner berre regulering som synt på vedlagte teikning, men mange „ristjörn" hadde to rader med hol slik at hola gjekk „omskarves". Ein kunne dermed få finare regulering.
11. Typane 5-7 er ukjente.
12. Så vidt ein veit vart alle ardar laga anten heime på garden eller hjå ein bygdesmed, mest det siste. Smeden kunne koma på garden, eller han kunne smia heim.

2473

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13. Nå for tida er alle plogar fabrikk-laga.
Ein kan trygt segja at fabrikkplogane
tok til å koma i bruk i 1890-åra, serleg kom
det nokre bakkeplogar med vendbare skjær.
Feilen ved dei var at dei alltid velte nedover
bakken og kunne ikkje godt brukast til
å plöya eng med.
Etter 1900 kom amerikanske ploger i bruk.
Men alt för dei kom, vart det laga plogar
her i bygda som likna mykje på dei i
prinsippet. Men „veltfjöla" var meir vridd
så dei ville flyta opp dersom plogen gjekk
djupt. Kva heimelaga plogar kosta kan
ingen gjera greie for nå
14. Ingen kan segja om plogtype 8 er brukt.
På dei plogane folk minnest var både
veltfjöl og „landsidi" av jarn.
15. Ukjent.
16. Ein har alltid i manns minne velta
plogen mot veltfjöla ved attendköyring
eller når ein snudde til onnor för.
17. Ukjent.
18. Ein hadde berre högreplogar.
19. Djupna var 5-6 tommar. Ein kunne
regulera djupna ved å flytja draget opp
eller ned. Dei nyaste hadde anten slepsko
eller stöypt hjul. Hjulet var fest millom
to halvsirkelforma jarnböyler med hol til
ein bolt gjenom plogåsen. Malmhjulet
kjöpte dei frå næraste stöyperi.
Nokon namn på slepskoen eller hjulet har
eg ikkje funni.
20. På plogar som ein plöygde voll (eng) med,
var det alltid kniv (risdill). Det var store

2473

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„tvebeit plogar". Små plogar-far ein hest-til å pløya om korn- og potetland med, hadde med aldri ristill.

21. Ukjent.

22. Ein brukte til vanleg ein trestengt steinslede når ein frakta plogen. I seinare tid har ein nytta sluttkjerre dersom ein skulle køyra langt.

23. Både namnet og plogen er ukjent, i alle fall i Sørskogbyggda.

Nokre gamle plogar er samla på Glåmdalsmuseet. Eg har ikkje hatt tid til å granska kvar dei er i frå, men det er eldre typen enn dei som er kjende i Sørskogbyggda.

Dei vanlege namna på plogdelar er: Plogås, plogstyre, veltfjøl, landside, skjær, plogkniv. Dragfestet har eg ikkje funni namn på. No kallar dei hjulet som sit under åsen, ploghjul.

Namnet ard om plog med veltfjøl er ukjent. Ordet ard uttalast „aL" (tjuk L) og er hankjønn. Plog uttalast „plow" (tjukk L og g som engelsk w.

Ard frå Elverum

~~2172~~
2473
~~2472~~
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

